



Frå fjorårets basar i Helgheim: Basar-leiar Thor Inge Døssland klappar for fire som fekk medalje for tre års deltaking: Thomas Halvorsen, Birger Bauge, Kristine Ludvigsen og Lene Storevik Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den tradisjonelle skulemusikk-basaren blir denne våren halde i Aktivitetshuset fordi Helgheim er under restaurering. Dagen er søndag og klokkeslettet 16 og frammøtet bør bli stort for dette er hovudkjelda til drifta av korpset saman med bingoen.

Det kostar over 60.000 kroner i året å halda skulemusikken i gang og i fjor gav basaren 35.000 kroner i kassa.

Basarsjef Gerd Ingunn Bauge opplyser til uskedalen.no at loddsalet til basaren allereie har vore i gong ein månads tid. Åtte ivrige seljarar har vore på farten rundt om i bygda og dei som ikkje har hatt besøk har sjansen til å kjøpa lodd i butikken onsdag og fredag.

Men førehands-salet bør ikkje hindra nokon å møta fram også under basaren, for det plar vera ein triveleg ettermiddag. Korpset skal sjølvsagt spela og det blir servering. Styret (som berre består av damer, kvar er mannfolka?) skal leia basaren.

Basarsjefen kan melda om mange fine gevinstar. Det er til dømes gåvekort frå fleire. hekla sengeteppe og dukar og fruktkorger og det er venta at også musikantane har med seg litt av kvart som kan friste folk.

- Ingen andre bygder i Kvinnherad har så god skulemusikk som Uskedalen, sa basarleiar og tidlegare leiar av korpset Thor Inge Døssland i Helgheim i fjor. Han er sikkert viljug til å gjenta dei orda i år, men skal dei framleis gjelda er det mellom anna avhengig av ein vellukka basar.

No er det 23 musikantar i korpset. Dei som står i spissen er denne våren ikkje minst glade for at eit ømt punkt no er borte: Skulemusikken er ikkje lenger utan slagverk-gruppe og om stutt tid skal dei som er i gruppa få instruksjon av ein av dei dyktigaste trommeslagarane i landet!

Av Ola Matti Mathisen